



Jon Harald Kjærland er attvald som leiar av indremisjonen i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Indremisjonen i Uskedalen har hatt årsmøte og attvald Jon Harald Kjærland som leiar for eitt år. Kasserar Lars Haugland gjekk ut av styret og Tormod Myklebust vart vald som nytt styremedlem, men styret konstituerar seg sjølv. Aud Isaksen og Inger Anne Leite har att eitt år av funksjonstida si i styret. Selma Eik og Edith Kjærland er varamedlemmer.**

Opprustinga av bedehuset var naturleg nok ei årsmøtesak, men årsmøtet hadde ingen innvendingar mot den framdriftsplan som styret har gått inn for. Arbeidet startar den 18. mai og mest mogeleg skal gjerast på dugnad og før skuleslutt. Det er rekna med ein eigeninnsats for 18.000 kroner. Kostnadsoverslaget er 122.000 kroner og ei innsamling har så langt gjeve 52.000 kroner, men kontoen er framleis open.

- Vi manglar framleis 25.000-30.000 kroner, fordi vi fekk berre 10.000 kroner av kommunen medan vi søkte om 40.000. Men vi kan søkja om att i år og då får vi truleg meir, seier Jon Harald Kjærland til uskedalen.no.

Det første steget i opprustninga er allereie skjedd. I fjor haust var det kjøpt inn 12 nye bord til storesalen og no er dei teke i bruk. Det åleine var ei investering på nærare 20.000 kroner. Til sommaren blir toaletta ombygd til livslauf-standard og det blir installert varmt vatn. Tredje trinn blir montering av ny innmat i sikringsskapet slik at det blir tryggare.

Neste byggjesteget, som vil bety at bedehuset skal utvidast, ligger lenger framme. Når det kjem er uvisst i dag. Det vart då heller ikkje berørt på årsmøtet.

Dei står nå framfor ei møteveke i bedehuset. Den startar onsdag. Forkynnar Simon Madsen som er frå Bømlo og berre 23 år, vil vera med heile veka. Han er ikkje berre forkynnar, men også ein framifrå pianist. Det er møter kvar kveld og sundag føremiddag. Torsdag blir det song- og musikk-kveld med deltaking av Marit Lindekleiv og Kjellaug Holtermann.

Av Ola Matti Mathisen